


HELSING FRÅ KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 75

NR. 01 PÅSKE 2022



God påske!

Ord til ettertanke

*Kornet har sin vila djupt i frusen jord,
Är ej dött, det väckes av ditt skaparord.
Kärlek från Gud, åt allting ger du liv.
Kärlek med ditt ljus kom, kom och hos oss förbliv.*

*Han blev hängd på korset, i en grav lagd ner.
Ingen enda väntar möta honom mer.
Kärleken når långt bortom död och grav.
Kärlek med ditt ljus kom,
kom och dröj hos oss kvar.*

*Han var vetekornet, låg i jordens djup.
Han stod upp en påskdag, lever bland oss nu.
Aldrig en sol har lyst så stark och klar.
Kärlek med ditt ljus kom,
Kom och dröj hos oss kvar.*

*Väntande på värme vilar rot och frö,
Vet att våren kommer. Varje träd och ört
brister i blom på sin bestämda tid.
Kärlek med ditt ljus kom,
kom och hos oss förbliv.*

KONFIRMASJON 2022

Vik kyrkje 7.mai kl.11.00

Anna Drægni
Adrian Sjøthun
Sander Christensen
Eirik Følid Berglund
Maria Tenold Hopperstad
Thea Tenold
Målfrid Brudevoll
Olav Helgesen
Mia Valsvik Kinden
Oskar Fosse
Anders Voll

Vangsnes kyrkje 14.mai kl.11.00

Alexander Hanekam Kvalvik
Jon Arve Holen
Andrea Heimdal Aase
Idar Sætre Samland
Daniel Gjerde Haugshagen

Feios kyrkje 26.mai kl.11.00

Bjørn Kristian Grindedal

Vik kyrkje 28.mai kl.11.00

Trygve Mykkeltvedt Ramberg
Maria Estrella Perolino Brekke
Anniken Celin Kjelven Hove
Sofie Tenold
Marita Berdal
Sondre Myrkaskog Holen
Martin Myrkaskog Holen
Eirin Nesse Balevik

Arnafjord kyrkje 28.mai kl.14.00

Matas Kaiubu

«No livnar det i lundar..»

I 1869 kom det ut eit hefte med nokre salmar - 13 i alt. Heftet hadde det upretensiøse namnet "Nokre salmar" og vart utgitt anonymt. Men det var ein lite skjult løyndom at forfattaren var Elias Blix, og med dette revolusjonerte Blix den norske salmesongen for all ettertid! For mange var det heilt uhøyrte å syngje songar på simpelt landsmål og dette skapte stor strid. Det skulle ta heile 23 år før salmane vart autoriserte til bruk i gudstenester.

Elias Blix var på denne tida 33 år (han var fødd i Nordland i 1836) og hausta mykje tyn for salmediktinga si. Men lovord frå mellom anna Aasen, Vinje, Landstad og Welhaven (!) oppmuntra Blix til å skrive meir, og den fjerde utgåva av "Nokre salmar" (1883) hadde heile 150 salmar.

Elias Blix var meir enn gjennomsnittleg oppteken av språk og studerte både syrisk, arabisk, assyrisk og sanskrit før han til slutt vart professor i hebraisk. Det er difor ikkje til å undrast over at salmane er prega av eit solid og presist språk, og eit rikt mangfald av metaforar og skildringar, ofte av det norske landskapet og naturen. Eg vil tru det er noko av grunnen til at salmane hans aldri går ut på dato. Og nettopp difor er det grunn til å leggje merke til, og reflektera over ordvala i Blix-salmane, og eg vil her ta føre meg "No livnar det i lundar".



Salmen har heile 12 vers. Her tek vi med dei to første og dei to siste:

*No livnar det i lundar,
no lauvast det i li,
den heile skapning stundar
no fram til sumars tid.*

*Det er vel fagre stunder
når våren kjem her nord
og atter som eit under
nytt liv av daude gror.*

*Du vår med ljose dagar,
med lengting, liv og song,
du spår at Gud oss lagar
ein betre vår ein gong,*

*då me med vigsla tunge,
med kjærleik heil og klår,
alt utan brest og sprunge
skal lova Herren vår!*

Per Inge Hove

Fresvik sommaren 2021



Heile kyrkjelyden samla på kaien denne flotte dagen

Me hadde ein så fin dag med sanggudsteneste 22.august i år i regi av Ole Agnar Helland der Strengemusikken til Frelsesarmeen i Vik også deltok. Dette som erstatning for den tradisjonelle Svea-stemna, som også i år viste seg vanskeleg å arrangere innanfor gjeldande covid-19 regelverk. Soknerådet og andre frivillige stilte med kaffi, saft og kaker som gjekk ned på høgkant av dei kring 25 framførte. Av deltakarane var også tilreisande frå fjern og nær, m.a. mange bærplukkarar frå ulike land som sette stor pris på å delta på gudsteneste.

Sistnemde gjorde til at også deler av tekstlesing og seremoni i kyrkja vart spontanoversett til engelsk. Ei god stund både i kyrkja og med etterfølgjande



Mange utenlandske bærplukkarar var glade for å kunne delta på gudstenesta



Tilreisande frå fjern og nær

kaffi på friområdet på kaien. Takkeoffer denne dagen gjekk til Frelsesarmeen i Vik. Takk til alle framførte og involverte for ei kjekk stund både i

kyrkja og på kaien!

*mvh Marianne Bøthun
på vegne av Fresvik
Sokneråd*

Feste av grav



Feste er eit anna ord for *leige*. Å feste ei grav vil sei å leige ei grav, eller meir presist: å *reservere* ei grav. Men kvifor skal vi reservere ei eller fleire graver, har vi ikkje rett på grav når den tid kjem? Og kvar på gravplassen skal grava vera? Historisk sett vart grav tildelt av den eller dei som hadde ansvar for gravinga, og det var ingen regel om at ektefeller eller slekt/familiemedlemer fekk grav i nærleiken. Meir praktiske tilhøve avgjorde kvar det skulle gravast. På enkelte gravplassar var det ei viss tid høve til å kjøpa eit avgrensa areal som då utgjorde familien sin faste gravstad. Ved Vik kyrkjekontor ligg det framleis dokument som syner innbetaling av 100kr for å sikra retten til gravstaden «for evig og alltid». På gravplassane kring Vik og Hopperstad kyrkjer vart mange av desse familiegravene markert med påkosta inngjerding. Noko inngjerding er no fjerna men mykje

står framleis att og er uformelt verna som kulturminne. Dette viser tydeleg at vi er ikkje alltid likegyldig med kvar gravene er plassert. Det kan vera både praktisk og kjennast rett å ha grava eller gravene plassert slik ein ynskjer. Drift av gravplasser er regulert gjennom Gravplasslova, og rolla som gravplassmyndigheit er lagt til kyrkjeleg fellesråd, på vegne av sokna i kommunen. Dagleg ansvar ligg hjå kyrkjevevja og blir utøvd av tilsette i kyrkjeleg fellesråd. Det formelle systemet på gravplassane i landet vårt er at gravplassmyndigheita i utgangspunktet tildeler grav ved behov, og denne er så fredda i 30 år. Pårørande kan så feste grava i nye 30 år. Om ingen festar grava eller maksimal festetid går ut blir gravminnet fjerna og retten til grava går tilbake til gravplassmyndigheita. Ved alle gravplassane i kommunen vår er det god kapasitet, også i

høve kravet frå myndigheitene, så utviding er ikkje tema no og det ovennemnde systemet kan handhevast noko romsleg. Det er også eit ålment ynskje om at gravminne får stå så lenge grava ikkje skal nyttast på ny. Dagleg drift og vedlikehald er likevel ein vesentleg kostnad. For å hjelpa til økonomisk opnar gravplasslova for å krevja inn ei årleg avgift. Denne blir teken inn der det er ynskje om gravlegging i ei bestemt grav og/eller der ein vil halde på grava etter fredningstida er ute. Dette er *festeavgifta*. Vik kyrkjelege fellesråd har i vinter revidert gravplassvedtektene sine og samstundes sett på innkrevjing av festeavgift. I grove trekk blir innkrevjinga slik:

- Den som ynskjer å reservera ei grav i nærleiken av ei grav som er teken i bruk betaler festeavgift for denne. NB! Dette gjeld også grav attmed ektefelle. Den dagen den festa grava blir teken i bruk blir det ikkje framsett krav om ny festeavtale i fredningstida.
- Ved ynskje om å halde på grava etter fredningstida (30 år) betaler ein festeavgift i inntil 30 nye år. Då vil ein rå over bruksretten til grava og sikre at gravminnet kan bli ståande, i festetida.
- For oskeurner og ymse særtilhøve kan reglane vera annleis.
- Festeavtalen er personleg, og det er festaren som rår over grava. Ein person kan feste fleire graver.

Gravplasslova gir rett til fri grav i den kommunen avdøde er busett. Vik kyrkjelege fellesråd har bestemt at grava er fri så lenge *fredningstida* gjeld, altså tida frå ei grav er teken i bruk til den kan nyttast til ny gravlegging. For gravplassane i Vik kommune er fredningstida sett til 30 år.



Vik kyrkjelege fellesråd skal halda greie på nær 3500 graver. Til det arbeidet nyttar kyrkjekontoret mellom anna eit dataverktøy laga spesielt for oppgåva. Der blir alle opplysningar og gravkart lagra og kan raskt og effektivt hentast ut. No vil vi også bruke dette verktøyet til effektiv administrasjon av dei mange festeavtalene. Ein vesentleg del av dei avtalene som no er inne i systemet er frå vår side diverre ikkje fornya innan fristen og vi jobbar no med ei omfattande oppgradering av opplysningar og kartmateriale i dataprogrammet. Når det no til sommaren blir sendt ut tilbod om fornying av festeavtale er det vel vitande at her er manglar og feil. Difor er det viktig at du som brukar melder frå til kyrkjekontoret, også om du vil inngå ny avtale eller er usikker på om du har ein avtale. Ein festeavtale gjeld no i 5 år, og avtalen kan normalt fornyast innanfor ei tidsramme på 30 år. Festeavgifta er sett til kr 300 pr år. Har du spørsmål om festing av grav så ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret.

E-post: kyrkjeleg.fellesråd@vik.kommune.no
Tlf. 479 77 806

N.K.



Håp i ein dråpe vann

Årets fasteaksjon: 3. – 5. april 2022

Kirkens Nødhjelp markerer 75-års jubileum i 2022, med håp som overordnet tematikk. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er en viktig del av markeringen, og har fått tittelen «Håp i en dråpe vann».

Det er krig i Ukraina, hundretusener er på flukt og en alvorlig humanitær krise utvikler seg. Kirkens Nødhjelp med søsterorganisasjoner var raskt på plass med akutt nødhjelp som rent vann, mat, tepper og hygieneartikler til flyktningene.

Kirkens Nødhjelp utfører arbeid på vegne av kirkene i Norge. Vi skal redde liv og kreve rettferdighet, og vi jobber både med nødhjelp i krisesituasjoner i tillegg til langsiktig arbeid. Pengene som samles inn i fastetiden går til Kirkens Nødhjelps arbeid over hele verden. Dette gir oss mulighet til å raskt mobilisere når kriser oppstår, slik som vi nå gjør for innbyggerne i Ukraina.

Fokuslandet for årets fasteaksjon er Malawi. Tidligere i år ble landet rammet av flom, og Kirkens Nødhjelp var til stede med krisehjelp. I tillegg jobber vi også med langsiktig bistandsarbeid i landet, blant annet gjennom klimatilpasset jordbruk gjennom vanning via dryppsystemer. Dere vil blant annet møte Takondwa Phanga. Han er agronom, og lærer bort moderne jordbruksteknologi til småbønder for å bekjempe sult og fattigdom.

Vi gleder oss til å mobilisere, slik at stadig flere mennesker får tilgang til rent vann!

Takk for at du er med! God fasteaksjon!

8

**I BYGDENE I VIK
GÅR BØSSEBERARAR
RUNDT MED
INNSAMLINGSBØSSER
TYSDAG 5.APRIL FRÅ
CA. KL.16.00.**

Har du ikkje kontantar,
får du ein lapp med
kontonr. og Vipps - nr du
kan sende di gåve til!






BARNAS

Labyrint

Kan du hjelpe Gulliver gjennom labyrinten?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**





– Klarar du å
teikne ein rett strek
med ein linjal?
– Sjølv sagt!
– Godt gjort! Eg
klarar det ikkje
utan blyant.

Finn fem feil!

Her feirer dei første kristne nattverd. Dei to bileta er
nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Asbjørn Tønnesen



Vitsar

Eit egg fekk
sjå seg sjølv i eit
speil.
– Å nei, eg har blitt
eit speilegg!

– Pass deg
for trappa!
– Kva for ei
trapp-app-app-
app ...

TRUSOPPLÆRING

Dei to siste åra er det mange av faseprogramma som har gått ut på grunn av

Korona-restriksjonar. Vi har dessutan hatt vakanse i Kyrkjelydspedagogstillinga, men vi har prøvd å gjennom føre det vi kunne.

Vi avslutta 2021 med ei kjekk **Adventssamling i Fresvik** kyrkje ein tysdagskveld i desember. Prest Rasmus Bolstad Rustad leia samlinga og fortalte om advent og jul. Fleire årskull var invitert, nokre måtte melde forfall då dei var sjuke, men dei som kom hadde med seg familie.



I mars måned har vi hatt **Mini-konfirmant-samlingar** for 11-åringar i Vik & Vangsnes (ingen 11åringar i Arnafjord). Desse samlingane har vore i Kyrkjestova onsdag etter skuletid. Vi byrjar med måltid, og vidare har vi hatt tema som Bibelen, dåp, nattverd og bøn. Det vart også tid til lek. På den eine samlinga hadde vi rollespel om dåp.



Søndag 20. mars hadde vi **utdeling av «Godt Nytt»** (Det nye testamentet) til 11-åringane Vik og Vangsnes. Dei deltok aktivt med prosesjon, song, samlingsbøn, og forbøn. Kjekt at så mange i familiane og andre også møtte opp. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi i Kyrkjestova. Kjekt at vi igjen kan samlast slik etter mange restriksjonar.

GA I VIK



11 åringar som
fekk «Godt
Nytt» i Vik
kyrkje.

Vidare har vi fylgjande plan for våren 2022:

For **11,12 og 13-åringane i Feios og Fresvik** planlegg vi fylgjande tilbod:

Påskevandring i Feios kyrkje 7.april kl.18.00 . Vidare blir det utdeling av « Godt Nytt» i Feios kyrkje palmesøndag 10.april kl.11.00 og i Fresvik kyrkje Skjærtorsdag 14.april . kl.16.00. Etter planen skal desse borna få tilbod om Minikonfirmasjon hausten 2022.

I Vik er det sett opp **Påskevandring for 12-åringane i Vik, Arnafjord og Vangsnes**
Vik kyrkje 7.april kl.14.10 – 16.00

Vidare er **3 års fase med «Krøllesamling» oppsett i Feios kyrkje 31.mai kl.17.30 for Feios, Fresvik og Vangsnes sokn.**

1.juni planlegg vi « Krøllesamling» for 3 åringane i Vik og Arnafjord i Vik kyrkje kl.17.30.

Vil du vere med å støtte drifta av Kyrkjestova?



Vi er heldige i Vik som har eit godt og tenleg kyrkjelydshus ved sida av kyrkja. I år er det 26 år sidan Kyrkjestova vart teken i bruk, og gjennom desse åra har huset vorte mykje nytta. Huset vert leigt ut til minnesamvær, dåpsselskap, konfirmasjonsselskap og andre private arrangement. Det vert også nytta av Vik kommune til kommunestyremøte, formannskapsmøte og ulike kurs og som vi får leigeinntekter av. Kyrkjestova er organisert som ei stifting og leigeinntektene er den viktigaste inntektskjelda. Året som vi har lagt bak oss har vore utfordrande for drifta av kyrkjestova. Vi hadde nedgang i leigeinntektene på kr 26 700,- og utgiftene auka med ca. kr. 28000,-. (m.a. på grunn av auke i straumprisar og koronavask). Vask av kyrkjestova og drift elles vert gjort på dugnad. Sjølv om inntektene vil auke når pandemien er over, kan vi ikkje rekne med at leigeinntektene vil dekke driftsutgiftene i åra framover. Vi er heldige som har eit «fond» (ein konto på særvilkår), men desse midlane er tenkt til vedlikehald og ekstra investeringar. Vi har dette året brukt ca. 30 000,- til skifte av lysarmatur i gangen og møterommet.

I inneverande år må vi reparere eitt takvindauga på loftet og skifte golvbelegg i begge salane. Vi er glad for at mange leiger Kyrkjestova, men først og fremst er huset nytta til ulike samlingar i kyrkjelyden (ikkje minst tiltak for born og ungdom). Desse arrangementa gjev ikkje leigeinntekter. Styret har difor vedteke å invitere til gjevarteneste for å auke inntektene til drifta av Kyrkjestova. Dersom t.d. 20 personar vil gje kr. 100,- pr måned, vil dette gje tilsaman kr. 24 000,- kvart år. Dette vil saman med andre tiltak dekke underskotet i drifta på huset. Ein kan gjere avtale med banken om å trekke kr. 100,- (eller meir) pr. måned eller betale kr. 1200,- (eller eit anna beløp) som eingongsbetaling kvart år. Konto nr. er 3800.10.29298. Det er fint om du kan gje melding til Kyrkjekontoret (eller underteikna) om du kan tenke deg å vere med på gjevartenesta og på kva måte du ynskjer å betale. Ver med å støtte arbeidet i kyrkjelyden ved å gje til drifta av Kyrkjestova!

Olav Martin Hove (leiar i styret)

Vik kyrkje

25 år sidan



Kvardagsskulen syng på 4-års gudstenesta okt. -96 .Foto: Liv G. Mundal

BARNESAMLING i Arnafjord

Tekst og foto: K. J. H.

Vi avslutta kyr-
kjebesøket med
ei songstund.
Her ser de ivrige
og songglade
ungar.

Born i Arnafjord sokn har
også i vinter vore på små-
barnssamling i regi av sokne-
rådet.

vi har samlast heime hjå
leiar Brita Sofie Engum.

Bileta er frå ei samling der
vi byrja med å gå ein tur ned
til kyrkja. Der hadde vi god tid
og høve til å sjå oss rundt og
snakke om kyrkja og gudste-
nesta.



Heime hjå Brita venta det bol-
lar m.m.. Vi vaksne som var
med fekk også kaffi. Så var
det god tid til leik og teikning.
Biletet viser teikneaktivitet
rundt kjøkenbordet til Brita
Sofie.
Takk for at de opnar heimen
for desse hyggjelege
samlingane.



Madonnahelg i Vik i Sogn. 20.- 22. mai 2022

Festdagar for den gjenskapte Madonna sin heimkomst til Vik og Hove kyrkje.



Program

Fredag 20. mai

Heildagsseminar Blix hotell: «Hovemadonnaen. Original og gjenskapning». Populærvitskapleg seminar kl. 0900 -1600 om Hovemadonnaen og miljøet figuren vart skapt i og fungerte i. Seminarbillettar: 300 kr: Seminar inkl. kaffi/te/frukt. 625 kr: Seminar inkl. kaffi/te/frukt og varm lunsj. Førehandssal: hoopla.no. Ledige billettar i sal ved start.

Konsert i Hove kyrkje

kl. 19.00: «Velkomen heim!»

Overleverings-seremoni og konsert med m.a.: songarane Kari Malmanger og Sivert Almås Jullumstrø, Gygrene, Ragnar Hove, Mathilde Skjæret på hardingfele og Anders Vassli Brekke på orgel. Billettar: 250kr. Førehandssal: hoopla.no. Ledige billettar i salg ved inngang.

Konsert i Hove kyrkje kl. 21.00: «Velkomen heim!»

Skumringskonsert med utvida versjon av konsertprogrammet kl. 19. Medverkande: songarane Kari Malmanger og Sivert Almås Jullumstrø, damekoret Gygrene, Ragnar Hove, Mathilde Skjæret på hardingfele og Anders Vassli Brekke på orgel. Billettar: 250kr. Førehandssal: hoopla.no. Ledige billettar i salg ved inngang.

Laurdag 21. mai

Kom og sjå den gjenskapte Hovemadonnaen i Hove kyrkje !

Lokalhistorisk kafe på Blix hotell kl. 11:30 – 13.00

Historikar Anna Elisa Tryti kåserer: «Korleis var det Vik som møtte den originale Madonna frå Hove for om lag 800 år sidan?» Gratis inngang Nysteikte vafler og kaffi kan kjøpast for 80 kr. Betaling til hotellet. Arrangør: Vik historielag i samarbeid med Sogn lokallag av Fortidsminneforeninga.

Konsert med tingingsverk i Hove kyrkje kl. 18.00 og 20.00: «Maria Møy»

Konsert med Maria-musikk, mellom anna urframføring av tingingsverket «Maria Møy. Himmelsk dronning og jordnær mor» av komponisten Ørjan Matre. Medverkande: Berit Opheim (song), Birgitta Elisa Oftestad (cello), Anders Vassli Brekke (orgel), og kvinnekoret Schola Solensis (gregoriansk song). Billettar: 250kr. Førehandssalg: hoopla.no. Ledige billettar i salg ved inngang.

Sundag 22. mai

Festgudsteneste i Hove kyrkje kl. 12.00: «Til Guds ære!»

Økumenisk festgudsteneste i Hove kyrkje, og med plassar også på kyrkjegarden. Arrangør: Kyrkja i Vik i samarbeid med Fortidsminneforeninga. Gratis inngang.

Konsert i Hove kyrkje kl. 17.00 «Lova Lova Line»

Maria-legender og folkemusikk Konsert med Mari Askvik (song),

Kari Malmanger (song og indisk harmonium),
Kjersti Morland (song og forteljing),
Ingrid Askvik (regi)
Billettar: 250kr. Førehandssal:
hoopla.no. Ledige billettar i salg
ved inngang.

Anna å oppleve i Vik under Madonnahelgi:

- **Hopperstad stavkyrkje.**
Opningstider: kl.10 -17 alle
dagar. Billettsal i porten.
80 kr for vaksne, 60 kr for
born/studentar. Gratis
inngang for medlemmer i
Fortidsminneforeninga.
- **Utstillinga «Gjensking –
Hovemadonnaen i ny form».**
Om skapingprosessen av den
nye Hovemadonnaen, laga av
Universitetsmuseet i Bergen.
- **Utstilling av dåpskjolar** Frå
1800-talet og fram til i dag.
Stad: Vik kyrkje

Opningstider: Fredag: 16-18.
Laurdag 13-17. Sundag: 13-15
Gratis inngang. Arrangør: Vik
Husflidslag

Hovudarrangør for Madonnahelgi i
Vik er Fortidsminneforeninga.
Medarrangørar er Kyrkja i Vik,
Vik historielag, Vik Husflidslag og
Universitetsmuseet i Bergen.
Arrangør for konsertar
i programmet over er
Fortidsminneforeninga. Arrangør
for det populærvitskaplege
fagseminaret er Universitetet i
Bergen og Fortidsminneforeninga
Sogn og Fjordane.

Stønad: Vestland fylkeskommune
og Bendixens legat m.fl.

Programinformasjon over er
førebel, og viser hovudpostar.
Detaljert program m. evt. endringar
og utfyllande informasjon
vert kunngjort i god tid før
arrangementet.

Dåpskjoleutstilling i Vik kyrkje

Vik husflidslag skal
i samarbeid med Vik
kyrkje ha utstilling av
dåpskjolar i Madonna-
helga, 20-22 mai.
Du kunne lese om
dette i juleutgåva
av Kyrkjebladet.
Utstillinga skal vera i
Vik kyrkje.
Me har fått inn ein
del påmeldingar frå
folk som vil låne
ut dåpskjolen sin,
dåpsteppe, dåpshue
m.m., men me trur at
me får plass til nokre
fleire!
Så viss du vil bidra
til utstillinga er det

berre å ta kontakt
med husflidslaget
på epost:
vikhusflidslag@
outlook.com eller
ringje Lenie på
99161398. Me
ynskjer at du kan
legge ved det du
har av informasjon
om dåpskjolen –
omtrent når den
vart laga, av kven,
eigar, kven som
er døypte i kjolen
m.m. Det er bra med
både gamle og nyare
dåpskjolar, einaste
krav er at den må vere
handlaga.



I slutten av april vil
du få beskjed om kva
tid og kor du skal
levere dåpskleda.
Husflidslaget har
forsikring, og me held
vakt i opningstida for
utstillinga, så det skal
vere trygt å låne ut
dåpskjolen din!

HELING FRÅ KYRKJA – REKNESKAPSOVERSIKT 2021

RESULTAT

UTGIFTER

Trykking IHP	51,229,00
KPK abb. 2021	2.000,00
Heimesidehjelp	8.775,00
Ombering	2.000,00
Sum utgifter	64.004,00

INNTEKTER

Bladpengar	49.865,00
Renteinntekter	<u>227,06</u>
Sum inntekter	50.092,06
Underskot	<u>13.911,94</u>

Sum 64.004,00

Sum 64.004,00

BALANSE

AKTIVA

Bankkonto, brukkonto	123,328,97
Bankkonto, topprente	<u>113.758,29</u>
Sum bankinnskott	237.087,26
Sum	<u>237.087,26</u>

PASSIVA

Eigenkapital 01012021	250.999,20
Underskot	<u>13.911,94</u>
Eigenkapital 31122021	237.087,26
Sum	<u>237.087,26</u>

Vik i Sogn, 31122021

14032022


Sylvi Nummedal
kasserar


Olav Håkon Refsdal
revisor

Meldingar:

Kjære abonnentar.

Takk for bladpengar og gåver for 2021/2022.

Sjølv om vi ikkje sende ut faktura før i desember ser de av rekneskapen at det innan 2021 hadde kome inn nesten 50.000. Med det som er kome inn etter nyår kan vi i alle høve gi ut tre blad i 2022, så no er det berre viktig at journalistane våre kan vera aktive. Oppdaterte opplysningar, m.a. om gudstenester vil alltid vera å finna på heimesida www.vik.kyrkja.no eller facebook-sida Kyrkjene i Vik kommune, så dei som er «på nett» kan formidla til dei som ikkje er.

SN

ÅRSMØTE I KYRKJELYDANE

Det har vore årsmøte for 2021 i alle sokna;

13.febr. Vangsnes, 6.mars

Arnafjord, 13.mars Feios, 20.mars

Fresvik og 23.mars Vik .

Årsmelding er å finne på heimesida

www.vik.kyrkja.no under fana

«Ditt sokn».

Døpte:

VIK:

06.02.22. Elina Steine Liljedahl

20.02.22. Leander Helleland

20.02.22. Tobias Eik Rogne

06.03.22. Endre Vold Fjellheim

06.03.22. Synnva Fjellheim-Nummedal

Døde:

Fresvik:

05.12.21. Odd Inge Feidje f. 1964

Vangsnes:

11.12.21. Jenny Bjørg Vangsnes
f. 1926

Vik:

20.11.21. Stein Gunnar Solberg
f. 1955

19.12.21. Alma Fjellheim f. 1926

23.02.22. Torvald Tenold f. 1928

MINNEGÅVER

Hjarteleg takk for minnegåver til
Vik kyrkje
ved Inga Marie Vold og Ragnhild
Hopperstad sin død.

Vik sokneråd



NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 479 77 806 e-post: kyrkjeleg.fellesråd@vik.kommune.no

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjeverje
Marit Johanne Andersen

TELEFONAR

kontor 479 77 806

mobil 906 86 227

KONTORTID

mandag, tysdag
og annankvar
onsdag
kl. 10.00 – 15.00

epost: marit.johanne.andersen@vik.kommune.no

Sokneprest i Vik, Vangsnes og Arnafjord

Karen Helene Bøhn Melhus

mobil 468 89 980

e-post: karen.helene.bohn.melhus@vik.kommune.no

Prostiprest Feios og Fresvik

Rasmus Bolstad Rustad (farspermisjon)

mobil 977 38 134

e-post: rasmus.clemens.bolstad.rustad@vik.kommune.no

Kyrkjelydspedagog - vakant stilling

Tove Sortevik Geithus vikar

mobil 908 09 113

Kyrkjelydssekretær

Kirsti Jelle Hopperstad

mobil 911 01 653

e-post: kirsti.jelle.hopperstad@vik.kommune.no

Hovudkyrkjetenar i alle kyrkjene

Nils Kvamme

mobil 957 30 615

Kyrkjetenar i Vik og Vangsnes

Jonathan Nahayo

mobil 941 71 504

Kyrkjetenar i Arnafjord

Kyrkjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

mobil 908 39 156

Kyrkjetenar i Fresvik

Henk van Nierop

mobil 918 70 581

Organist

Dora David

mobil 975 23 903

e-post: dora.david@vik.kommune.no

Når alle er ute i oppdrag, kan resepsjonen på Kommunehuset formidla kontakt

ANDRE TELEFONAR

Soknerådsleiar Vik:

Reidunn Bolstad,

905 33 581

Soknerådsleiar Arnafjord:

Ola Engum,

975 34 827

Soknerådsleiar Vangsnes:

Erlend Hanekam,

416 34 981

Soknerådsleiar Feios:

Monica Feidje Midlang,

951 72 583

Soknerådsleiar Fresvik:

Marianne Bøthun,

938 46 851

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar: Leif Eikeland

tlf. 908 68 520

Utleige Kyrkjestova:

Olav Martin Hove

tlf. 901 12 448

Sylvi Nummedal

tlf. 469 28 613

Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal

tlf. 918 85 770

VELKOMMEN TIL KYRKJE

10.april, Palmesøndag <i>Joh 12,1-13</i>	kl.11.00	Feios kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus Takkoffer Utdeling av « Godt nytt»
14.april, Skjærtorsdag <i>Joh 13, 1-17</i>	kl.16.00	Fresvik kyrkje Gudsteneste v/ Geir Sørebo Dåp Nattverd Utdeling av «Godt Nytt» Takkoffer
	kl.19.00	Vik kyrkje Nattverdsgudsteneste v/ Karen Melhus
15.april, Langfredag <i>Joh 18,1-19, 42</i>	kl.11.00	Vangsnes kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus
17.april, Påskedag <i>Joh 20,1-10</i>	kl.11.00	Vik kyrkje Høgtidsgudsteneste v/ Karen Melhus Nattverd Takkoffer
	Kl.16.00	Arna fjord kyrkje Høgtidsgudsteneste v/ Karen Melhus Nattverd Takkoffer
7.mai, Laurdag	kl.11.00	Vik kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/ Karen Melhus Takkoffer
8.mai, 4.s. i påsketida <i>Joh 14, 1-11</i>	kl.11.00	Fresvik kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus Takkoffer
14.mai, Laurdag	kl.11.00	Vangsnes kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/ Karen Melhus Takkoffer
17.mai	kl.	Vik Gudsteneste Sjå 17mai –program
22.mai, 6.s.i påsketida <i>Matt 6,7-13</i>	kl.12.00	Hove kyrkje Økumenisk gudsteneste v/ Karen Melhus m.fl. Sjå eiga annonsering.
26.mai, Kr. himmelf.	Kl.11.00	Feios kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/ Karen Melhus Takkoffer

UTGJEVAR : Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
TRYKK : Ingvald Husabø Prenteverk a.s, 6863 Leikanger
BLADSTYRAR : Kirsti Jelle Hopperstad
KASSERAR : Sylvi Nummedal
BLADPENGAR : Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
BANKGIRONR : 38003011558



VELKOMMEN TIL KYRKJE

28.mai, Laurdag	kl.11.00	Vik kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/ Karen Melhus Takkoffer
	kl.14.00	Arnafjord kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/ Karen Melhus Takkoffer
5.juni, Pinsedag <i>Joh 14,23-29</i>	kl.16.00	Utegudsteneste Vangsnes v/ Geir Sørebo Takkoffer (ved dårleg ver ;Vangsnes kyrkje)
12.juni, s. i treeining <i>Luk 24,45-48</i>	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus 50 års konfirmantar ? Takkoffer.
19.juni, 2.s.i treeining <i>Joh 3,1-13</i>	kl.16.00	Fresvik kyrkje Gudsteneste v/ Geir Sørebo Takkoffer
23.juni, Jonsokaftan <i>Joh 1,1-8</i>	kl.18.00	Hopperstad stavkyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus
26.juni, 3.s.i treeining <i>Mark 10,13-16</i>	kl.11.00	Feios kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus Takkoffer
	Kl.16.00	Arnafjord kyrkje Gudsteneste v/ Geir Sørebo Takkoffer

VI TEK ATTERHALD OM ENDRINGAR.

Sjå annonsering på plakat, avis, FB og heimsida.

Heimesida: www.vik.kyrkja.no **Facebook:** Kyrkjene i Vik kommune

KYRKJESKYSS:

Vik: Ring Vik kyrkjekontor 911 01 653 (innan fredag før gudstenesta)
Vangsnes: Ring leiar Erlend Hanekam 416 34 981
Feios: Ring leiar Monica Feidje Midlang 951 72 583
Fresvik: Ring Marianne Bøthun 938 46 851
Arnafjord: Ring leiar Ola Engum 975 34 827